



BKK NETT AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Merknad til forelegging kabelanlegg Frekhaug - Alver kommune

Statsforvaltaren viser til føreslått tiltak for å sikre omsyn til elvemusling i Mjåtveitelva. Vi legg til grunn at dette blir følgt opp i samband med arbeidet.

Statsforvaltaren viser til forelegging om kabelanlegg ved Frekhaug i Alver. Kabelen vil gå i nedbørsfeltet til Mjåtveitelva, der det er førekomstar av elvemusling. Denne arten står på raudlista som sårbar (VU), og er ein norsk ansvarsart.

Sommaren 2012 sette Statsforvaltaren saman med Rådgivende Biologer og Universitet i Bergen i gong ein bergingsaksjon for bestanden av elvemusling i Mjåtveitelva. Planen var å henta inn dei attverande elvemuslingane til eit spesialanlegg på Austevoll for kultivering og sikra overleving. Men då vi gjekk gjennom elva fann vi fleire hundre døde elvemuslingar og ingen levande att. Sjølv om det i ettertid vart registrert eit fåtal elvemusling-larvar på fisk, vart den genetiske bestanden som heilskap rekna som tapt.

Dei siste åra har ny teknologi i form av miljø-DNA gitt nye moglegheiter i å kartlegga førekomst av elvemusling. I 2020 påviste Rådgivende Biologer førekomst av elvemusling ved hjelp av miljø-DNA i Mjåtveitelva, og våren 2021 var planen å ha ei ny visuell kartlegging av vassdraget. Fredag 19. mars fekk vi melding frå Mjåtveitelvens forening om at ein hadde gjort funn av omlag 30 elvemuslingar ovanfor vandringshinderet i elva.

Status no er altså at det er fleire elvemuslingar att enn det som kunnskapsgrunnlaget tidlegare tyda på. Men likevel er bestanden i Mjåtveitelva rekna som kritisk trua og den samla belastninga på vassdraget stor. Det må derfor gjerast det som er mogleg for å redusera negative påverknader på vassdraget.



Trasekart i førelegginga viser mellom anna at kabelen vil krysse elva på fylkesveg 564 Rosslandsvegen.

Vi viser òg til Teams-møte 24. mars, der vi diskuterte tilhøvet mellom tiltaket og omsyn til elvemuslingen. Utgangspunktet er lova om naturmangfald § 12, som set krav til å finne løysingar som i størst mogleg grad tek omsyn til naturverdiane.

På møtet viste Statsforvaltaren til at arbeidet med å legge kabelen ikkje må føre til avrenning av partiklar til elva. Det vil vere skadeleg for elvemusling om partiklar som renn ut i vassdraget dekker til elvegrusen.

Etter møtet la BKK Nett fram følgjande tiltaksliste:

- Flytte krysningspunktet over Fv. 564 Rosslandsvegen ca. 20 meter lengre mot vest, forlenger da distansen mellom krysningspunkt av Fv. 594 og elva.
- Arbeidet i nærheten av Mjåtveitelva, da spesielt arbeidet rundt gangvegen over elva, blir lagt til godværsdager.
- Redusere finstoff i omfyllingsmasser i grøfta.
- Vurdere bruk av fiberduk i grøfta, da spesielt ved etablering av grøft ved sjølve krysningspunktet av elva.
- Alle stedlige oppgravde masser blir kjørt vekk, det skal ikkje bli lagret i dunger ved siden av grøfta.
- Informere vår entreprenør om nødvendige tiltak, og viktigheten med å følge disse tiltaka for å bevare bestanden av elvemusling.
- Ha fokus på HMS gjennom heile prosjektet, og ha god informasjonsflyt ut til alle involverte medarbeidere og underleverandører.

Statsforvaltaren vurderer desse tiltaka som gode, og legg til grunn at dette blir følgt opp i samband med arbeidet. Vi ber også om at BKK fylgjer opp underleverandørar i felt ved gjennomføring.

Med helsing

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
ALVER KOMMUNE Postboks 4 5906 FREKHAUG